



Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet. Vi held til midt i hjartet av Bergen og har røter tilbake til grunnleggjinga av Bergens Museum i 1825. Det viktigaste bidraget vårt til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

## Postdoktor i numerisk paleoøkologi og kvantitativ paleoklimatologi

Ved Institutt for biologi er det ledig ei treårig stilling som postdoktor i numerisk paleoøkologi og kvantitativ paleoklimatologi. Stillinga er finansiert av Forskringsrådet gjennom prosjektet "No-analogue climates and ecological responses in the past and future (NoAClim)". Stillinga er knytt til forskingsgruppa Ecological and Environmental Change Research Group (<http://www.uib.no/rg/EECRG>) ved Institutt for biologi.

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som vert tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Åremålsperioden for denne stillinga er 3 år. Ingen kan tilsetjast i meir enn ein åremålsperiode som postdoktor ved same institusjon.

NoAClim er eit internasjonalt prosjekt som ved hjelp av klimamodellar skal rekonstruere klimaet i Norden og Baltikum dei siste 11 500 åra. Modellane skal òg lage prognosar for dei neste 500 åra. Noverande og fossile pollendata skal nyttast til å identifisere ikkje-analoge pollensamlingar. Vidare skal dei viktigaste nisjeparametrane (optimum, toleranse, etc.) for hovudgruppene av arter estimerast statistisk for dei siste 11 500 åra for å teste nisje-konservatismehypotesen. Modellane vil gje framtidige prognosar for pollensamansetjing som igjen seier noko om framtidens vegetasjon. Scenarioplanlegging vil nyttast til å gje fagleg grunnlag for framtidig forvaltning av landskapsressursar.

Postdoktoren vil vere ansvarleg for å utvikle ein NoAClim database som skal innehalde resultatane frå dei statistiske modellane og dessutan moderne og fossile pollendata.

Søklarar må ha oppnådd norsk ph.d.-grad eller tilsvarende utdanning frå utlandet innanfor fagfelt som er relevant for stillinga, for eksempel biologi eller geovitenskap, eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at avhandlinga er godkjent før tilsetjing kan skje.

Kandidaten må ha erfaring med kvantitative dataanalyser av (paleo)økologiske eller (paleo)klimatologiske data i statistikkprogrammet R og dessutan dokumentert erfaring frå eit eller fleire forskingsfelt relevant for stillinga.

Vi søker ein godt motivert kandidat som liker å jobbe med store datasett og i tillegg forstår den økologiske og klimatologiske relevansen av datasetta og resultatane. Det er ønskeleg med erfaring frå eit eller fleire av følgjande forskingsfelt: paleoøkologi, paleoklimatologi, anvend statistikk, numerisk økologi og/eller kvantitativ paleoøkologi. Kandidaten sine evner til å jobbe sjølvstendig, følgje opp gode idear og dessutan jobbe saman med internasjonale samarbeidspartnarar vil òg vurderast. Publisering og annan vitenskapleg produksjon vil takast med i vurderinga, der tida sidan oppnådd doktorgrad vert tatt omsyn til.

Løn etter lønssteg 57 (kode 1352/LR 24.1) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 57-65). For særleg kvalifiserte søklarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor John Birks tlf. +47 55 58 33 50 / e-post: [john.birks@bio.uib.no](mailto:john.birks@bio.uib.no)

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege, sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad, CV, kopiar av vitnemål, karakterutskriftar og attestar, ein oversikt over vitenskaplege arbeid og kopi av dei tre viktigaste publikasjonane skal sendast elektronisk ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGA" på denne sida.

Du må laste opp sertifiserte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk av vedlegga, til dømes vitnemål og karakterutskriftar.

Søknaden skal innehalde ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga og dessutan namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar.

Søknadar sende på e-post til enkeltpersonar ved instituttet, vert ikkje vurderte.

**Søknadsfrist: 30. september 2013**

**Merk søknaden: 2013/8934**

Jobbnorge-ID: 96189, Søknadsfrist: Avsluttet